

Song til eldre festen i Helselaget den 21/2 - 1971.

Tone: Sjømann og stjernen.

Sjå det vårast kring i dal og grender,  
snart den kalde vinter er forbi.  
Oppå taket syng den fyrste staren  
og den glade festlyd stemmer i.

Som de veit so er det helselaget  
som bed inn til eldre fest i dag,  
for å gleder, for å knyta venskapsskamt  
og stå samla om vårt Helselag.

Lat vår song til ung og eldre vera.  
Gjev ein blom i form av noko godt.-  
Gjev ein blom, eit smil, ei helsing bera  
inn til dei som har det mindre godt.

For vi veit at gjennom våre hender  
kan vi syna sinn og hjartelag,  
gjeva hjelp til folk i våre grender,  
som er motto for vårt Helselag

Når vi sit kring festleg duka borda,  
alle er so smilande og bli,  
ventar på den gode kaffidropen  
som får heile praten rett på gli.

Eldreomsorg det er "alle tiders",  
best av alt som folk har funne på.  
No treng ingen spinka eller spara,  
kjære vener det vert alltid råd.

Om vår livsdag hallar og det kveldar,  
denne stunda den har og sin sjarm,  
som i solargtad og himmelglansen  
speglar alle vone fargar av.